

## Franske freistingar

Ina, Sam og onkel Ola står ved tidsmaskinen på tunet i Snippen 1. Dei høyrer eit brak.

«Øh ... det var visst magen min som rumla», seier onkel Ola.

«No må eg få i meg litt mat.»

Dei går inn i tidsmaskinen. Ina snurrar på tidshjulet.

Sovepulveret får dei til å sove. Dei vaknar opp i Lyon i år 1987.

Sam blir ivrig. «Det var jo her VM i kokkekunst blei arrangert for første gong.»

«Då burde det vel vere mogleg å få i seg litt mat?» spør onkel Ola.

Dei finn den norske deltakaren. Han heiter Arne Brimi.

Arne Brimi furtar fordi han ikkje vann.

«Kva laga du?» spør Sam.


«Kylling og laks», stønnar Arne Brimi.

«Kan vi få smake?» spør onkel Ola.

«Et heile skiten», seier Arne Brimi.

«Løysingsbokstaven må vere M,» seier Sam.

«M for mat!»



### Oppgaver:

Sjå Elevbok 4A side 195.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 4.